



Siri Teigland gjekk av som leiar men nestleiar Leif Flaten held fram

Kvinnherad Bonde- og Småbrukarlag, som no har 43 medlemmer etter ein liten auke siste året, skiftar leing etter årsmøtet som vart halde i KV i Uskedalen.

Leiar Siri Teigland frå Seimsfoss har fråsagt seg saman med studieleiar Bergljot B. Hesvik frå Rosendal og Einar Johan Tvedt og Gudvin Hesvik Volden er valde inn i styret. i staden Der sit Leif Flaten frå Sunde, Bjørn Helge Skåle frå Rosendal, Øystein Skjæveland frå Herøysund og varamedlem Helga Fossheim frå Seimsfoss som ikkje var på val



[Karin Thauland orienterte om jobben](#)

Styret skal konstituera seg sjølv og det er difor førebels uvisst korleis verva blir fordelt. Bergljot B. Hesvik oppmoda det nye styret om å halda eit organisasjonskurs for å stimulera til auka oppslutnad og større aktivitet. Ho minte om at organisasjonen blir 100 år neste år.



[Mannen bak Isrosa Øystein Skjæveland har også lansert vinteris](#)

Årsmøtets inviterte føredragshaldar Karin Thauland, som no er næringsrådgjevar med basis i kommunen, orienterte om sine allsidige arbeidsoppgåver. Ein av dei er omdømmebygging som mellom anna omfattar ei 'pakke' til dei som kjem flyttande til Kvinnherad. Alle som har flytta hit siste året var også invitert til eit vellukka treff i Rosendal der to tilflyttarpisar på 10 000 kroner vart delt ut.

Ei anna oppgåve er kartlegging av næringsareal og rådgjevaren har no vorte sekretær i det nye næringsutvalet.

Ho var også inne på kvartsforkomstane i Svoldal som er svært interessante. Til sommaren skal det borast meir i det som er ein av dei beste forekomstane i verda.

Laget har stor spenvidde med omsyn til yrker og verksemder. Bergljot B. Hesvik fortalde om omfattande pølseproduksjon og Øystein Skjæveland er 'mannen bak Isrosa' - produksjonen av økologisk is.

Han har no også lansert vinteris som er krydra is med appelsinar og sjokolade. Firmaet har berre to fast tilsette, Øystein og kona, men aukar staben til 7-8 når dei oppsøker messer og festivalar for sal. Her i området sel dei ikkje isen andre stader enn i Baroniet og Systrene Nilsen,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen